

L'envoi

Fra *Aequanimitas* av Sir William Osler

Tale ved ein farvelmiddag gitt av profesjonen
i USA og Canada i New York, 2. mai 1905.
«Eg er ein del av alle eg har møtt.» (I Ulysses, av Tennyson).

Eg har hatt to mål i profesjonen: for det første å bli ein god klinisk lækjar. For det andre ville eg bygge opp ein stor klinikk etter tysk føredøme, ikkje slik som før her og i England.

Eg har hatt tre personlege ideal. Det eine har vore å gjere dagens arbeid godt og ikkje bry meg om morgondagen.

Det andre har vore å leve etter Den gylne regelen så godt eg kunne, mot kollegar og mot pasientar eg hadde ansvaret for.

Det tredje har vore å dyrke såpass sinnsro at eg kunne vere audmjuk trass i framgang, at eg kunne nyte veners truskap utan ovmod, og at eg kunne vere budd når dagen med sorg og sakn kjem å møte den med eit mot som det sømer seg ein mann.

— omsett til norsk for UTPOSTEN 1999 av Arvid Vatle